



Fem sjuandeklassingar spelar kort medan dei ventar på skulestarten. Dei er, frå venstre, Hallvard Lomheim Døssland, Rose Marie Andersen, Lene Storevik Myklebust, Maria Legland og Synnøve Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag starta det nye skuleåret med frammøte av femte, sjette og sjuande klasse og torsdag startar dei andre. I år er det 89 elevar. Det er ein nedgang med 10 fordi det gjekk 24 sjuandeklassingar ut medan det kjem 13 inn i første klasse.

Skulen i Uskedalen er femdelt slik den har vore ei årrekke, det tyder at sjette og sjuande klasse går saman og at tredje og fjerde også går saman. Det er lenge sidan det var fulldelt skule i Uskedalen.

- Det er heilt normalt at det går noko opp og ned, er kommentaren rektor (eller verksemdsleiar om ein vil) Vidar Haugland kjem med når **uskedalen.no** spør om grunnen til nedgangen i år.

Han minner om at det blir ein spesielt stor auke når 2004-kullet om nokre år kjem på skulen. Det året vart det fødd 28 i Uskedalen og det er rekord!

- I oppslaga ynskjer du velkommen til "eit nytt, spanande skuleår". Er det noko spesielt nytt ved dette året?

- Vi står framfor innføringa av kunnskapsløftet med ein ny læreplan. Det er ein omfattande sak som vi berre er tildels førebudd på.